



REFERAT FRÅ SOKNERÅDSMØTE

Tysdag 6. Januar 2026

Tilstades: Eli Leiren, Lisbeth Skorpen, Elisabeth Verpelstad, Renate Standal, Frode Kvamsø og Trond Vaksdal.

Neste møte: Tysdag 3. februar KL. 18.00

SAKLISTE:

- Sak 01/26** Godkjenning av referat, innkalling og sakliste.
Innkalling godkjent, referat med merknad for feil dato på soknerådssamling.
- Sak 02/26** Gudstenester og andre arrangement framover; Takk offer. Kyrkjekaffi og vertar.
11/1-26 klokka 18:00 Gudsteneste. Kyrkjevertar: Eli og Trond.
Kyrkjekaffi 17:30. Takkoffer: Dale bedehus.
- 31/1 og 1/2-: Lys Vaken.
Følgande arbeidsfordeling gjeld:
31/1: 15-20: Eli og Maria. 20-24: Trond og Lisbeth
Nattevakter: 23:30-08:00: Renate og Anita.
Frukost 08:00-12:00, (kyrkjevertar): Elisabeth og Marion. Eli vil òg komma.
Vi bestiller pizza frå Dale Vertshus, Elisabeth handlar inn til frukost.
Maria bakar og tar med bollar til laurdag ettermiddag.
- 22/2 Kl. 11:00: Gudsteneste med årsmøte. Takkoffer: Kyrkjelysdsarbeide
Alle set av denne dagen. Vi planlegg dette vidare på neste soknerådsmøte.
- Sak 03/26** Orientering frå Fellesrådet.
-Noko økte bevilgingar frå kommune er komme til. Det arbeidast med budsjetter for å sjå kva som er mogleg, men slik det ser ut no er økonomi på eksistensnivå.
Andre saker som har vore oppe: Garautlaurdag og konsertar i Bergsdalen –
Neste møte: 29. januar.
- Sak 04/26** Dugnadstimar.
Det er lagt ned 27 dugnadstimar sidan siste oppteljing.
- Sak 05/26** Referat: Frå kyrkjekonsertar og julegudsteneste.
Ved kollektinnsamling i forbinding med kyrkjekonsertar, så bør det vere 2 personar tilstades. 160 personar møtte til julegudstenesta.
- Sak 06/26** Førebuing av årsmelding til årsmøte.
Eli; Trond og Frode møter på kyrkjekontoret onsdag 21 klokka 19:30 for å freiste å få alt på plass med årsmelding.
- Sak 07/26** Open kyrkje for 1. halvår 2026.
Denne saka tar me oppatt på neste soknerådsmøte. Fyrste aktuelle laurdag er oppteke i og med kyrkjekonsert.
- Sak 08/26** Utdeling av nye Testamentet 31/1 og 1/2.
Sjå under sak 02/26.

Anna:

-På dette soknerådsmøtet i kyrkja, organiserte me skap og innhald i sakristiet, slik at det kan haldast i orden. Det vil bli hengt opp eksempelbilder på skapdører korleis ting skal vere organisert.

-Kontroll av toalett før og etter gudstenester (sjå at det er trekt ned). Er dette kyrkjetenar si oppgåve?

-Oppdatering av leikekrok i kyrkja, sjå til at det er teiknepapir og fargar m.m.

-Renate kom med idè om at me kan kanskje arrangere «juleverkstad» for born i forbindelse med grautlaurdag, og at born kan vere med på juletrepynting i kyrkja. Det gode innspelet tas oppatt etter ferien.

Hugs å notere dugnadstimar.

Med venleg helsing.

Trond Vaksdal

Skrivar

e-post: trond.vaksdal@felleskjopet.no

tlf. 95 99 46 61